



HANDLINGSPLAN 2024 for Hardanger KorAkademi

Vedteken på årsmøtet 17.februar 2024 i Øystese.

1. Organisering og rekruttering:

-Hardanger KorAkademi er medlem av Norges kirkesangforbund. Ved å vere organisert i ein kororganisasjon, står Hardanger KorAkademi i ein større samanheng, og kjem også inn under særavtalar som kororganisasjonar har når det gjeld TONO, momskompensasjon med meir. Og vi er som medlemmer aktivt med og støttar det kulturpolitiske arbeidet som kororganisasjonane gjer for korsongen.

-Hardanger KorAkademi skal vere eit akademi der både dirigentar og vanlege songarar saman kan hente lærdom som dei kan ta med attende til lokalmiljøa sine og dele med lokale kor og songarar der.

- Hardanger KorAkademi vil samarbeide med folkehøgskular og andre kursarrangørar for korhelgene, dersom mogeleg.

-Hardanger KorAkademi vil framleis rekruttere nye songarar til korakademiet, og sender invitasjon og info om Hardanger KorAkademi både her regionalt til kommunane i Hardanger, til Voss og omegn- og også ut til heile Bjørgvin via Bjørgvin Kirkesangforbund.

2. Økonomi

-Hardanger KorAkademi må framleis leite etter nye løysingar som kan kompensere for bortfallet av kortkursordninga via

www.hardangerkorakademi.no



Handlingsplan for folkehøgskulesystemet.

-Hardanger KorAkademi vil søkje om stønad frå Hardangerrådet, Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger og andre.

-Hardanger KorAkademi skal vidare gjere ein innsats for å finne andre støtteordningar, ulike sponsorar, og ein hovudsponsor.

-Hardanger KorAkademi vil søkje på Aktivitetsmidlar for kor, vaksenopplæringsmidlar, kulturmidlar og sponsormidlar lokalt der konserten vert arrangert, med meir. Hardanger KorAkademi skal leggje vinn på å finne sponsorar til konsertannonsene.

3. Kurs

I 2024 arrangerer Hardanger KorAkademi 3 opne korseminar; 16-18.februar, 24-26.mai og 8-10.november.

Fast instruktør for Hardanger KorAkademi og på kursa er dirigent Per Oddvar Hildre.

4. Konsertar

6-8.september: Konsertar i Irland i samband med jubileumstur

8-10.november: Konserthelg - jubileumskonsertar Hardanger KorAkademi 15 år.

Hardanger KorAkademi vil arbeide for medverknad i høve viktige markeringar i Hardanger og ved festivalar.

Hardanger KorAkademi vil arbeide for konsertprosjekt i samanheng med festspela i Bergen eller andre festivalar 2025 eller 2026.

5. Korturar



Handlingsplan for

I korvedtektene heiter det mellom anna at:

”Hardanger KorAkademi vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.”

Førebels har Hardanger KorAkademi vore aktivt i Hardanger, Voss, Sunnhordland, Norhordland, Bergen og nær omegn pluss - ein flott kortur til New Orleans i 2016.

- tur til Europa i 2018, nærare bestemt Ørsta, Spjelkavik og Volda.

- ei gruppe frå korakademiet deltok på Olavsdagene i fellesprosjekt sommaren 2019 -

-10års-jubileumsturen i 2019, gjekk til Roma 13.-17.oktober.

Hardanger KorAkademi vil arbeide for jubileumstur for koret hausten 2024 og også for andre aktuelle turar i åra som kjem.

6. Web-side

Hardanger KorAkademi har si eiga web-
www.hardangerkorakademi.no . Vi ønskjer å bruke denne sida aktivt, slik at ho kan vere ein viktig arena for koret. Notar og andre fellesdokument vert lagra på Dropbox. Koret nyttar også korappen ChoirMate. Og koret har ei enkel Facebookside.

7. Logo

Hardanger KorAkademi brukar kunstnaren Arne Bakke Mælen sitt tresnitt ”Korferd i Hardanger” som logo.

